

## MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 29. januar 2021

Stad: Teams

### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Solveig Vestenfor, Ål kommune  
Pål Rørby, Hemsedal kommune  
Petter Rukke, Hol kommune  
Herbrand Jegleim, Gol kommune  
Tore Haraldset, Nesbyen kommune  
Merete H. Gandrud, Flå kommune

### **Desse møtte frå rådmannsutvalet:**

Ole Johnny Stavn, Hol kommune  
Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune  
Hege Mørk, Gol kommune  
Reidun Katrine Halland, Hemsedal kommune  
Henrik Skovly, Nesbyen kommune  
Odd Egil Stavn, Flå kommune

### **Desse møtte frå Viken fylkeskommune:**

Tonje Brenna, Fylkesrådsleiar  
Iselin Haugo, pol.  
Magnus Weggesrud, pol.  
Kjersti Bærug Hulbak, adm.  
Maria Helene Bjørnsen, adm.

### **Desse møtte frå administrasjonen:**

Jan Olav Helling, dagleg leiar  
Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar  
Linda Dalene Bjerke, prosjektleiar

**SAK 01/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 18.12.2020****Vedtak:**

Protokollen frå 18.12.2020 er godkjent.

**SAK 02/21 NORTURA. ORIENTERING OM FORSTUDIE. OPPFØLGING AV SAK 50/20.**

Saka var unntake offentlegheit med heimel i offentleglova §15 2. ledd

**Vedtak:**

Regionrådet ber administrasjonen setja ned ei arbeidsgruppe og utarbeide ei sak om vidare framdrift, kven som gjer kva og korleis påverknadsprosessane mot NORTURA bør vera. For å ha god framdrift må saka handsamast seinast i veke 6, altså før neste ordinære regionrådsmøte.

**SAK 03/21 INTERNASJONALT SAMARBEID. DRØFTING RUNDT EU-MIDLAR, KVA DEI KAN BRUKAST TIL OG KORLEIS SKAL ME ORGANISERE ARBEIDET.****Det vart orientert om følgande:**

Hallingdal har fått kr 300 000 for å kartlegge, synleggjere og styrke internasjonalt samarbeid i kommunar og i næringslivet. Dette skal gje større forståing for internasjonalt samarbeid og avdekke om internasjonalt engasjement kan vera eit reiskap for å nå mål i Strategisk Plan for Hallingdal. Dagleg leiar riggjar eit prosjekt der regionrådet er eigar, dagleg leiar er prosjektansvarleg, Hallingdal næringshage er prosjektleiar og der styringsgruppa og prosjektgruppe har deltarar frå både kommune og næringsliv. Aktuelle samarbeidspartar er m.a. internasjonal avdeling i Viken, Osloregionens Europakontor og Euro Montana

**SAK 04/21 HØYRINGSUTTALE NOU 2020:12****Vedtak:**

Regionrådet sender innspel til «Forslag til høyringsuttale Nou 2020:12» utan endringar.

**SAK 05/21 PROSESS RUNDT EV. ETABLERING AV FAGSKULE HELSE OG OPPVEKST****Det vart orientert om følgande:**

Fagskulen i Viken er klar for å starte fagskule, lokala er klare, men finansieringa er ikkje på plass. Det betyr at det ikkje blir studiestart i år og at ein må innarbeide dette i budsjett for 2022.

**SAK 06/21 NYTT FRÅ VIKEN V/FYLKESRÅDSLEIAR TONJE BRENNA**

Tonje Brenna informerte om:

- Hemsedal Turisttrafikklag har fått 1,1 millionar i støtte til reiselivet.
- Prosessen rundt partnarskapsavtale spesiell del er i gang. Hallingdal er først ute og godt i gang med.
- Digitale ordførarmøter kvar månad

**SAK 07/21      UTFORDRINGAR I REISELIVET V/ RICHARD TARALDSEN  
DRØFTING PÅ KORLEIS REGIONRÅD OG VIKEN KAN BIDRA.****Vedtak:**

Regionrådet ønskjer ein tettare dialog med reiselivet i Hallingdal for å monitorere situasjonen og sette inn gode tiltak. Destinasjonsselskapa og dagleg leiar koordinerer dette. I tillegg vil Viken skisserer ei løysing som kan bidra til at reiselivet kan få høve til å påverke Stortingspolitikarar direkte.

**SAK 08/21      EVENTUELTT****STATUS IMA - TORE**

Ordførar i Nesbyen har kontakta gruppeleiarane i Nesbyen kommune. Resultatet derifrå, er at Nesbyen ønskjer å delta vidare i samarbeidet, men då med ei avtale lik den som er i dag.

**Vedtak:**

Regionrådet ber om at saka blir drøfta i rådmannsutvalet ein gong til, og at IMA-avtala blir lagt fram som sak i neste ordinære møte.

**FELLES KOMMUNE OVERLEGE I HALLINGDAL – KARSTEN**

Det er semje om å få til ei løysing med felles kommuneoverlege i Hallingdal. Ål kommune lagar utkast til samarbeidsavtale og til politisk sak.

**PILOT YRKESFAG OG TOPPIDRETT ÅL VGS – PETTER**

Regionrådet drøfta saka. Verken fylket eller regionrådet har midlar til å drive piloten vidare. Det vart ikkje landa ein endeleg konklusjon.

**SAK 09/21      MOGELEG LOKALISERING AV NY BATTERIFABRIKK I NORREG****Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal i nært samarbeid med Flå kommune vil arbeide aktivt for at partnarskapet Panasonic, Hydro og Equinor vel Hallingdal og Røppemoen i Flå, som ein mogeleg lokasjon for batterifabrikk.

Ål 29. januar 2021

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

**Vedlegg:**  
Presentasjon reiseliv